

Engasjerte tårnagentar.

11.03.2017



Engasjerte tilhørarar lyttar til Margunn Håland som fortel frå barneheimen i India.

Denne helga er det tårnagenthelg i Uskedal kyrkje. Det er ein del av trusopplæringsprogrammet i kyrkja, og 40 born i 3.klasse frå dei fire sokna, Ænes, Kvinnherad, Åkra og Uskedalen var invitert. Berre 7 av desse takka ja til invitasjonen, men dei som var der, var svært engasjerte og hadde det både lærerikt, fint og spennande.



Ei god matøkt er viktig.

Ein Tårnagent får ein eigen agentkode. Så går dei på skattejakt og løyser oppdrag og mysterium og finn ut meir om kyrkja. Under gudstenesta i morgon, søndag kl.11, får alle som kjem til kyrkja, vite kva agentane har funne ut. Det er trusopplærar Torill Langeland som leiar opplegget, men ho hadde med seg mange gode medhjelparar.

Då uskedalen.no var innom, var tårnagentane svært engasjerte. Dei såg film frå ein barneheim i India der mor til soknepresten vår, Margunn Håland, og nokre venner er sterkt involvert. Etter filmen fortalde ho litt frå eigne opplevingar på denne barneheimen. Dei lyttande borna var framleis like oppslukte og interesserte.

Etter denne økta var det tid for mat. Ungane kosa seg med pølse i brød, saft, frukt og grønt og anna godt. Dei syntest det var ein kjekk dag og var spente på kva dei skulle gjera seinare på dagen. Nokre var veldig spente på å utforska tårnet.

På gudstenesta i morgon får vi altså vita kva dei har oppdaga. Det vert spennande! Då får vi også høyre det nystarta Tårnagentkoret som øver annankvar måndag. Det blir også veldig kjekt!!



Film som engasjerer.



Rikeleg med mat.



A ballansera samtidig som ein ser i kikkert, er ikkje lett!!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland